



BioFish AS
Tangavegen 19
5620 Tørvikbygd

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril Marie Mulen, 57643127

Rapport etter tilsyn hjå BioFish AS i Ljonesvågen

Kontrollnummer: 2024.306.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn den 10. september 2024 med BioFish AS (organisasjonsnummer: 816 984 122) sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Ljonesvågen.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Utsleppa frå anlegget bryt med vilkåra i løyvet

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1.

BioFish AS må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 1. februar 2024, som viser korleis de har retta avvik, og eventuelt ein tidfesta handlingsplan for å rette det som står att.

Statsforvaltaren gav ingen merknader

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

BioFish AS må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [svf/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med saksnr. 2020/4378.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Utsleppa frå anlegget bryt med vilkåra i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet datert 29. juli 2020 - vilkår 3.1 om utsleppsavgrensingar, jf. vilkår 2.3 andre ledd, og vilkår 11 om utsleppskontroll, jf. vilkår 2.7.

Internkontrollforskrifta §5, andre ledd nr 7.

Om krava

Utsleppsmengder

Utsleppsløyvet set krav om reinsing av avløpet og utsleppsgrenser (vilkår 3.1) for årlege utslepp av nitrogen (N), fosfor (P) og organisk karbon (TOC). Utsleppsmengdene skal følgje produksjonen proporsjonalt ved at ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået skal føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa (vilkår 2.3, andre ledd).

Tabell 3-1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar eller berekningar, jf. punkt 11.2

Komponent	Utsleppsgrenser			Gjeld frå
	Korttidsgrense* Midlingstid: 1 mnd	Langtidsgrense Midlingstid: 1 år	Spesifikt utslepp** Midlingstid: 1 år	
Total nitrogen (tot-N)	ikkje sett	51,9 tonn/år	23,6 kg/tonn fisk	29.07.2020
Total fosfor (tot-P)	ikkje sett	6,3 tonn/år	2,9 kg/tonn fisk	29.07.2020
Total organisk karbon (TOC)	ikkje sett	55,2 tonn/år	25,1 kg/tonn fisk	29.07.2020

* Utslepp per dag, ** Utslepp per tonn produsert biomasse

Tilleggsinformasjon: Den utsleppsreduksjonen som BioFish AS låg til grunn for utsleppsgrensene som dei søkte om og fekk som vilkår for løyvet sitt i 2020, har Statsforvaltaren kommentert i oversendinga av løyvet som usannsynleg at verksemda ville klare å oppnå. Det vart vidare presisert at BioFish AS uansett måtte halde seg innafor dei rammene som vart gitt for utsleppa av nitrogen (N), fosfor (P) og organisk materiale (TOC).

Utsleppskontroll og måleprogram

Utsleppsløyvet set krav om at verksemda skal dokumentere sine utslepp til vatn, og gir rammer for korleis dette skal gjerast (vilkår 11). Målingar og utrekningar skal gi eit representativ oversyn over utsleppa, og utrekningar av utsleppa skal vere basert på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam, samt analysar av innhaldet i slammet. Eit program for utsleppskontrollen skal inngå i verksemda sin dokumenterte internkontroll, og skal gjere greie for kartlagde utslepp, gjennomføringa av utsleppskontrollen og kvalitetssikringa av målingane, m.m. Verksemda skal kvart år innan 1. mars rapportere utsleppsdata frå året før til Statsforvaltaren.

Internkontroll

Internkontrollforskrifta set krav om å gjennomføre systematiske tiltak for å nå måla i helse-, miljø- og tryggleiksløvgivinga. Krav til innhald og dokumentasjon er gitt i § 5 andre ledd, punkt 1 - 8. Punkt 7 set krav om at verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav som er fastsette i, eller er heimla i, miljølovgivinga.

Vilkår 2.7 i utsleppsløyvet presiserer at internkontrollen skal sikre at m.a. krava i løyvet vert haldne, og at verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Utsleppsmengder

- Verksemda har ikkje hatt eit fungerande reinseanlegg med slamoppsamling i 2022 og 2023, men dette var på tilsynstidspunktet kome på plass og sett i drift. Fram til våren/sommaren 2024 har utsleppa i praksis vore ureinsa.
- Verksemda har rapportert inn utslepp av TOC i 2023 på 59 tonn, som er ca. 6 % høgare enn årsgrensa i løyvet (55 tonn), sjølv om verksemda berre har tatt i bruk ein liten del (19 %) av produksjonsramma for løyvet. Også utsleppa av N og P er større enn det som er føresett i løyvet om at utsleppsmengder skal vere proporsjonale med produksjonen, med årsutslepp av N som er 40 % av årsgrensa og P som er 69 % av årsgrensa.
- Utsleppsmengdene per tonn produsert fisk av N, P og TOC har vore større enn grenseverdiane for spesifikke utslepp i utsleppsløyvet både i 2022 og i 2023. Største overskridingar er i 2023, med over dobbelt så store spesifikke utslepp av N som løyvegrensa, over 3,5-gongen for P og over 5,5-gongen for TOC.
- Noko av overskridingane skuldast at utsleppa ikkje har vore reinsa i tråd med det som er føresett i løyvet. Med utgangspunkt i erfaringane til Statsforvaltaren frå dei årsrapportane som andre akvakulturanlegg i Vestland har rapportert inn, er det likevel ikkje sannsynleg at reinseanlegget som no er sett i drift, vil klare å levere ein så stor utsleppsreduksjon som det som er føresett i løyvet. Utsleppsløyvet er tufta på dei opplysningane som vart gitt i søknaden og på det kunnskapsgrunnlaget som låg føre då løyvet vart gitt. Vi presiserer at det er verksemda sitt ansvar å innrette seg etter løyvet, eller eventuelt søke om endring av løyvet dersom dei ønskjer å endre på rammene eller vilkåra som er sette.

- Vi ser alvorleg på at brota på utsleppsgrensene for spesifikke utslepp er så store, og at anlegget sjølv med høvesvis låg produksjon har utslepp som bryt med årutsleppsgrenser i løyvet.

Utsleppskontroll og måleprogram

- Verksemda har ikkje etablert måleprogram/utsleppskontroll for å dokumentere utsleppa sine til vatn.

Internkontroll

- Brota på utsleppsgrensene og vilkåret i løyvet om å etablere måleprogram for utsleppa er ikkje avviksregistrert eller på annan måte fanga opp i internkontrollen til verksemda. Verksemda sine rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøkrava er såleis ikkje gode nok.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at BioFish AS må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette tilsvarer sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som vart gitt på tilsynet, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av BioFish AS i Ljonesvågen sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er del av ein nasjonal tilsynsaksjon med landbaserte akvakulturanlegg og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Gunn Helen Henne
- Hedda Dugstad Østgård
- Toril M Mulen

Kontaktperson hos verksemda:

- Lena Hovda Aas

Anlegg

Følgjande av BioFish AS sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Lokalitet 12079 Ljonesvågen / Ljonesvågen, settefisk (4622.0042.03)

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utsleppskontroll for utslepp til vatn
- Reinseanlegg
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Miljøovervaking

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Anlegget sitt løyve etter forurensningslova, datert 29. juli 2020 (utsleppsløyvet)

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren om utslepp til vatn for 2022-2023
- Miljøgranskingar frå 2003, 2010, 2019
- Internkontrolldokumentasjon

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Miljødirektoratet si spørjeundersøking – ikkje for seint å svare

I samband med at Miljødirektoratet i 2024 og 2025 jobbar med eit forslag til standardiserte krav til landbaserte akvakulturanlegg, har dei lagt ut ei spørjeundersøking til bransjen. Kunnskapen som vert samla inn her, vil vere viktig som bakgrunnsinformasjon for Miljødirektoratet sitt arbeid. Jo fleire anlegg som fortel dei litt om si drift, jo betre.

Vi oppmodar om at de svarer til Miljødirektoratet via skjemaet i denne lenka: [Landbasert akvakultur](#).

Vedlagt tilsynsrapporten er kopi av brevet om spørjeundersøkinga som gjekk ut til dei landbaserte anlegga i Vestland i vår, og eit skjermdump av kva det er Miljødirektoratet spør om.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentlig

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på <https://einnsyn.no/>, i tråd med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Toril M Mullen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- Kopi av brev 03.04.2024 frå Statsforvaltaren om spørjeundersøkinga frå Miljødirektoratet
- Vedlegg til brevet: skjermdump av spørsmåla i spørjeundersøkinga

Kopi til:

- Kvam herad